



Innkalling
av
Kommunestyret

Møtedato: 04.11.2021
Møtestad: Øvre Helland samfunnshus
Møtetid: 09:00 - 15:00

Orientering om barnevernstenesta v/leiar Jannicke Sandvik kl 0900

**Formannskapet ba i møte 21. okt om at ein drøftar bustadutvikling på og nær Mo som tema i kommunestyret.
Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik førebur presentasjon om temaet til kommunestyremøtet 4. nov.**

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
044/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/2021	Godkjenning av møteprotokoll
046/2021.1	Protokoll 3-2021 Regionrådet Nordhordland, fredag 3. september 2021
046/2021.2	Referanse 20/16800 - Høyringsuttale - framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset
047/2021	Orienteringssaker
048/2021	Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031
049/2021	Justering av kommunegrensa - Alver, Modalen og Masfjorden
050/2021	Økonomirapport pr 2. tertial 2021

28. oktober 2021

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/283

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
044/2021	Kommunestyret	PS	04.11.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	21/282

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/2021	Kommunestyret	PS	04.11.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 23.09.2021

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-026	21/141

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
046/2021.1	Kommunestyret	RS	04.11.2021

Protokoll 3-2021 Regionrådet Nordhordland, fredag 3. september 2021

Forslag til vedtak:

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Sak 26-21. Orientering Skyss i Regionrådet

Sak 27-21. Mandat regional næringsstrategi

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-140	21/274

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
046/2021.2	Kommunestyret	RS	04.11.2021

Referanse 20/16800 - Høyringsuttale - framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset

Forslag til vedtak:

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Referanse 2016800 - Høyringsuttale - framlegg til kommunedelplan for E16E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/283

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
047/2021	Kommunestyret	PS	04.11.2021

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø		21/267

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
048/2021	Kommunestyret	PS	04.11.2021

Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031

Forslag til vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til:

1. innhald og føringar i «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.
2. at Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av prioriterte område i planen.
3. at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i handlingsplan.
4. at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

Saksopplysningar:

«Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014 – 2017» vart handsama og godkjent av dei ni kommunestyra i Region Nordhordland i 2014. Det er ikkje gjennomført ein systematisk gjennomgang og revisjon av planen etter 2016.

Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i Nordhordland har planen som sitt viktigaste styringsdokument, og har difor løfta saka om at det bør gjennomførast ein revisjon av planen i 2020/2021.

Bakgrunn

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse og omsorgstenesta, med tilhøyrande handlingsplanar, har vore gode styringsdokument i tida frå 2014 og fram til i dag. For å sikre at me i Nordhordland framleis kan samarbeide på best mogleg vis, og for å vere trygg på at dei viktigaste innsatsområda vert prioriterte, treng me å sikre kvaliteten på styringsdokumenta våre.

I mai 2020 handsama Rådmannsutvalet sak via e-post og slutta seg samrøystes til:

- at «Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014 – 2017» vert revidert, og at kommunalsjefgruppa for helse og omsorg får oppdraget med å gjennomføre revisjonen.
- at områda føremål, prinsipp, forankring og involvering, samt prioriterte innsatsområde særleg vert vurdert.
- plan for involvering og forankring slik det er skissert i saka og i vedlagt framdriftsplan.

Med bakgrunn i dette har kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i 2020/2021 hatt ein systematisk gjennomgang og gjennomført ein revisjon av den interkommunale planen.

Prosess

I revisjonsarbeidet er aktuelle, nasjonale styringsdokument for sektoren lagt til grunn, saman med drøftingar av utviklingstrekk og utfordringar for kommunane og regionen. Kommunesamanslåing, Region Nordhordland Helsehus, samt demografisk utvikling og framskrivingar har tydeleggjort regionale utfordringar. Dette har bidratt til at også prinsippa (grunnsetningane) i det felles arbeidet kommunane skal i gang med også er drøfta. I arbeidsprosessen har innspel frå råd og nettverk innanfor sektoren stått sentralt.

Det er semje om at planen skal bidra til at sektoren vert utvikla på berekraftig vis. Dette tyder at me har eit økonomisk, økologisk og sosialt perspektiv.

Vurdering

Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg har gjennom revisjonsarbeidet komme fram til at den reviderte planen bør ha eit meir overordna, strategisk perspektiv, slik at den vert meir føreseieleg over ein lengre periode, og at tilhøyrande handlingsplan vert fylgt tettare opp.

Med bakgrunn i at det strategiske og meir langsiktige perspektivet vert styrka har kommunalsjefgruppa tilrådd at planen endra namn til «Felles strategiplan for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021 – 2031»

7.mai 2021 fekk Rådmannsutvalet i Region Nordhordland førelagt planen til handsaming. Utvalet fatta slikt vedtak i saka:

Rådmannsutvalet i Region Nordhordland sluttar seg til «Felles strategiplan for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021 – 2031» slik den ligg føre, og ber om at planen vert lagt fram til handsaming i Regionrådet.

14.juni 2021 fekk Regionrådet for Nordhordland førelagt planen til handsaming. Regionrådet fatta slikt vedtak i saka:

Regionrådet vedtar å endra namn på planen frå «Felles strategiplan for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021 – 2031» til «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021 – 2031», og ber om at planen vert lagt fram til politisk handsaming i kommunane.

Rådmannen si vurdering er at det er gjennomført ein god prosess blant kommunane i Nordhordland

kor det også har vore involvering av fagråd/nettverk undervegs. Det er ein styrke for dette dokumentet/satsingane at det er godt drøfta i kommunalsjefgruppa for helse og omsorg, rådmannsutvalet og Regionrådet. Innhaldet i dei felles satsingane er viktige område for Modalen kommune å kunne samarbeide med andre kommunar om.

Følgjande står å lese i dokumentet pkt. 6:

Gjennom kommunestyret si tilslutning til planen forpliktar den enkelte kommune seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei prioriteringar som planen omhandlar. Når det kjem til konkrete tiltak må likevel desse forankrast i den enkelte kommune. Dette inneber at kvar kommune kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid på eit seinare tidspunkt sjølv om ein har slutta seg til planen.

Dette inneber at kvar kommune sjølv skal ta stilling til ulike prosjekt/samarbeid som t.d. inneber kostnader for kommunane.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune sluttar seg til:

1. innhald og føringar i «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.
2. at Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av prioriterte område i planen.
3. at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i handlingsplan.
4. at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

Vedlegg:

Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i NH 2021 - 2031

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014 - 2017

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-002	21/209

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/2021	Formannskapet	PS	21.10.2021
049/2021	Kommunestyret	PS	04.11.2021

Justering av kommunegrensa - Alver, Modalen og Masfjorden

Tilbakemelding frå Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Modalen kommune støttar innbyggjarinitiativet til konsekvensutgreiing av grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar.

Modalen kommune bed om at tilhøva som vert gjort greie for nedanfor vert teke med i ei evt konsekvensutgreiing.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Statsforvaltaren har 12.07.2021 motteke ein søknad om grensejustering frå innbyggjarar og næringsdrivande i gamle Romarheim-Urdal skulekrins i Alver kommune, sjå vedlegg. Det vert søkt om at gamle Romarheim-Urdal skulekrins (Indrefjorden), vert ein del av Modalen kommune, alternativt ein del av Masfjorden kommune.

Statsforvalteren vurderer at dette må reknast som ein søknad om utgreiing av grensejustering etter inndelingslova § 8 første ledd. Statsforvalteren legg også til grunn at søknaden er sett fram av nokon med initiativrett etter inndelingslova § 8 første ledd. At ein har initiativrett inneber at ein har krav på å få vurdert om det skal setjast i gang ei nærare utgreiing av spørsmålet om grensejustering. I samsvar med inndelingslova § 8 fjerde ledd tredje setning vert Alver kommune, Modalen kommune og Masfjorden kommune orientert om søknaden.

Statsforvaltaren ber om kommunane sine førebelse merknader til den grensejusteringa som er søkt utgreidd, under dette korleis dei førebels stiller seg til den grensejusteringa som det er gjort framlegg om. Vidare ber Statsforvalteren kommunane gjere greie for tilhøve som dei meiner vil vere av interesse for vurderinga av om spørsmålet om grensejustering skal utgreiast nærare, og tilhøve som dei meiner vil vere av interesse ved ei slik eventuell utgreiing

Vurdering

Innbyggjarar og næringsdrivande i gamle Romarheim – Urdal skulekrins i Alver kommune har søkt Statsforvalteren om utgreiing i høve justering av kommunegrensa mellom Alver og Modalen kommunar, jf vedlagt søknad. I søknaden vert det gjort greie for søkjarane sine argument for å få utgreidd saka. Modalen kommune vurderer at det ikkje vil vere mogleg å ta stilling til ei sak om slik grensejustering utan ei evt grundig konsekvensutgreiing av alle tilhøve som er relevant. Dette gjeld mellom anna økonomi(inntekter/utgifter), demografiske forhold/folketalsutvikling, barnetal sett opp mot kapasitet i barnehage og skule, pleie- og omsorg/institusjonskapasitet, kapasitet på helsetenester, dimensjonering av andre kommunale tenester og administrative funksjonar, kommunale vegar, vedlikehald, vatn og avlaup, investeringar og andre relevante tema som kan vere aktuelle i samband stor befolkningsvekst på kort tid.

For Modalen kommune vil det og vere relevant å sjå korleis Alver kommune stiller seg til denne saka. Modalen kommune er som dei fleste andre kommunar oppteken av folketalutvikling og befolkningsvekst, men primært gjennom tilflytting og fødselsoverskot. Befolkningsvekst gjennom grensejustering har ikkje vore tema hverken administrativt eller politisk.

Konklusjon

Basert på vurderingane ovanfor ser ikkje Modalen kommune at det vil vere mogleg å ta stilling til ei slik omfattande sak utifrå den informasjonen som pr no er tilgjengeleg. Samstundes er Modalen kommune oppteken av at innbyggjarane sitt initiativ til å få vurdert konsekvensutgreiing vert teke på alvor. Kommunestyret i Modalen støttar difor at det vert sett i gang ei konsekvensutgreiing av grensejusteringa, for å kunne ha eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag å ta stilling til.

Formannskapet - 031/2021

FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Modalen kommune støttar innbyggjarinitiativet til konsekvensutgreiing av grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar.

Modalen kommune bed om at tilhøva som vert gjort greie for nedanfor vert teke med i ei evt konsekvensutgreiing.

Vedlegg:

20210706-SoknadGrensejustering-MedKart

Orientering - justering - kommunegrensa - Alver og Modalen alternativt Masfjorden

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-210	21/135

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
050/2021	Kommunestyret	PS	04.11.2021

Økonomirapport pr 2. tertial 2021

Forslag til vedtak:

Det vert tilrådd at økonomirapporten pr 2. tertial 2021 vert teken til orientering.

Det vert tilrådd justeringar i drift og investering i tråd med tabellane under:

Drift:

(Tal i heile tusen)	Endring:	Justert budsj	Nytt budsj
Rådmannen/sentraladm	-1 000	14 075	13 075
Sosial og barnevern	+300	1 517	1 817
Pleie og omsorg	+800	19 513	20 313
Skatt/rammetilskot	-420	-51 000	-51 420
Avdrag	+320	1 280	1 600
Netto endringar:	0		

Investering:

Justering dagsturhytta

	Endring:	Budsjett	Nytt budsjett
Auka utgiftsløyving Dagsturhytta	1 450 000	500 000	1 950 000
Auka inntekt Dagsturhytta	-1 130 000	0	-1 130 000
Auka mva-komp frå Dagsturhytta	-290 000	-100 000	-390 000
Auka fondsbruk Dagsturhytta	-30 000	0	-30 000
Netto	0		

Bil Modalstunet

	Justering	Budsjett	Nytt budsjett
Bil til Modalstunet	800 000	0	800 000
Fondsbruk	-800 000	0	-800 000
Netto	0		

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vurdering

Rådmannen legg fram sak om økonomistoda pr 2. tertial 2021, som gjeld månadane januar-august.

Drifta er samla under kontroll. Det er venta meirutgift knytt til Pleie og omsorg og Sosial/barnevern, samt avdragsutgift. Det er venta meirinntekt knytt til budsjettområdet rådmannen/sentraladministrasjon og postane Skatt/rammetilskot. Meirinntekt på ansvarsområdet

rådmannen/sentraladm knyt seg til sal av konsesjonskraft. Kraftprisane har vore høge i år.

I denne saka vert det lagt opp til budsjettjustering for å tilføre midlar til Pleie og omsorg og Sosial/barnevern samt auka avdrag. Dette vert dekkja av meirinntekt på budsjettområdet Rådmannen/sentraladm samt auka inntekt knytt til skatt/rammetilskot. Sjå meir detaljar knytt til dette lenger ned i saka.

Innanfor investering er det tilrådd justering knytt til Dagsturhytta og ny bil til Modalstunet. Sjå meir om dette i avsnittet om investering.

Drift

Sjå oversikta Økonomisk oversikt – drift under. Rapporten syner grupperte inntekter, grupperte utgifter og brutto driftsresultat som resultat, altså driftsinntekt minus driftsutgift pr 30.04.

Økonomisk oversikt - drift	2021	2021	2021	2020
	Reknesk	Justert budsj	Oppr budsj	Reknesk
	Jan-aug	Heilår	Heilår	Jan-aug
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	15 329 055	24 000 000	24 374 000	14 047 534
2 Inntekts- og formuesskatt	20 829 772	11 424 000	10 250 000	22 677 132
3 Eiendomsskatt	11 286 291	22 570 000	22 400 000	11 184 407
4 Andre skatteinntekter	-	21 500 000	22 000 000	-
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	-	40 000	40 000	288 000
6 Overføringer og tilskudd fra andre	8 826 462	13 172 800	14 212 800	7 694 578
7 Brukerbetalingar	1 582 004	2 384 800	2 184 800	1 225 506
8 Salgs- og leieinntekter	4 006 504	6 018 000	5 418 000	2 090 106
9 Sum driftsinntekter	61 860 088	101 109 600	100 879 600	59 207 263
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	29 752 142	46 305 779	46 560 779	28 788 454
11 Sosiale utgifter	9 057 918	11 447 616	11 621 616	7 933 485
12 Kjøp av varer og tjenester	23 148 269	31 339 553	29 430 553	18 836 352
13 Overføringer og tilskudd til andre	6 057 500	6 589 886	6 649 886	4 982 852
14 Avskrivningar	-	6 625 600	6 625 600	-
15 Sum driftsutgifter	68 015 828	102 308 434	100 888 434	60 541 144
16 Brutto driftsresultat	-6 155 740	-1 198 834	-8 834	-1 333 881
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	108 437	200 000	200 000	170 288
18 Utbytter	-	-	-	3 540
19 Gevinster og tap på finansielle oml.midl	-	100 000	100 000	-
20 Renteutgifter	257 338	550 000	550 000	285 593
21 Avdrag på lån	937 430	1 280 000	1 280 000	440 290
22 Netto finansutgifter	-1 086 330	-1 530 000	-1 530 000	-552 056

23 Motpost avskrivninger	-	6 625 600	6 625 600	-
24 Netto driftsresultat	-7 242 071	3 896 766	5 086 766	-1 885 936
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	-	-	-	-
26 Netto avsetjing til/ bruk av bundne dr.fond	-51 560	649 800	649 800	1 179 745
27 Netto avsetjing til/bruk av disposisjonsfond	-	-4 546 566	-5 736 566	1 640 050
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	-	-	-	-
28 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
29 Sum disponering/dekning av netto driftsres.	-51 560	-3 896 766	-5 086 766	2 819 795
30 Fremført til inndekning senere år	-	-	-	-

Løyvingar til drifta. Status og prognosar.

Status for budsjettområda:

Rådmannen/sentraladministrasjonen

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
10 373 000	14 075 575	74

Status/utfordringar/kort om drifta:

Ansvarsområda Rådmannen, Kommunekassen og IKT drift ligg noko høgt på utgiftssida pr dags dato, men det er ikkje unaturleg for dette ansvarsområdet på denne tida av året. Ein god del lisensar, forsikringar, gebyr og kontingentar som gjeld for heile året allereie er betalt. Andre utgiftspostar er i tråd med budsjett.

Ansvarsområde Kundetorget ligg litt under budsjett.

Inntekt frå sal av konsesjonskraft gjennom avtale med fylkeskommunen ser ut til å bli høgare enn budsjettert grunna dei høge kraftprisane så langt i 2021. Vi har allereie i september nådd justert budsjett på 1,6 mill kr i inntekt.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. aug	Heilår	Heilår

10 372 000	14 075 575	13 075 575
------------	------------	------------

På noverande tidspunkt ventar ein å gå med overskot innafor dette budsjettområdet, grunna høgare inntekter enn budsjettert på sal av konsesjonskraft. Det er vanskeleg å estimere overskotet då dette heng tett saman med kraftprisane. Dersom prisane vert like høge som no ut året, kan overskotet på denne avtalen overstige 1 mill kr.

Sjukefråvær:

Sjukefråvær for rådmannen/sentraladministrasjonen, samt kultur, pr 2. kvartal 2021 : 0,8 %

Kultur

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap pr 31. aug	Budsjett Heilår	Forbruk i %
1 110 454	1 925 000	58 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Kultur (bibliotek og Bryggjeslottet) har eit redusert forbruk òg i 2021. Dette skuldast i hovudsak restriksjonar grunna pandemien og stenging grunna ras i fjellet over Bryggjeslottet i mai månad. Alle kulturarrangement har vorte avlyst. Inntekter i Bryggjeslottet blir òg vesentleg redusert.

Budsjettet vart nedjustert i samband med 1. tertialrapport.

Prognose:

Rekneskap pr 31.aug	Budsjett Heilår	Prognose Heilår
1 110 454	1 925 000	1 925 000

Sjukefråvær:

Sjå under rådmannen/sentraladm.

Næring

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
2 594 247	2 250 163	115 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Det er nytta ca kr 350 000 til leige av beredskapsrom (gjennomføring av karantene m.m.) i samband med koronapandemi. I tillegg er det auke i tilskot til næringsliv. Dette er statleg finansierte midlar/pakker som skal motvirke effektar av pandemien.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. august	Heilår	Heilår
2 594 247	2 250 163	2 250 163

Sjuefråvær:

Inkludert i samla oversyn for Rådmannen/sentraladm.

Sosial og barnevern

Rekneskapsstatus pr 31. august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
499 395	1 517 400	33

Status/utfordringar/kort om drifta:

Hovedutgiftene til budsjettområdet er knytt til drift og refusjon av sosialutbetalingar til NAV Fensfjorden. Det er p.t. ikkje motteke refusjonskrav for sosialutbetalingar utover 1. tertial

Vidare kjøper Modalen kommune barnevernstenester frå Vaksdal.

Prognose:

Rekneskap pr 31. aug	Budsjett Heilår	Prognose Heilår
499 395	1 517 400	1 800 000

Det er venta meirutgift innan budsjettområdet på om lag kr 300 000 i 2021.

Sjokefråvær:

Budsjettområdet har ingen tilsette.

Mo skule

(Grunnskule, sfo, vaksenopplæring, kulturskule)

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap pr 31. aug	Budsjett Heilår	Forbruk i %
7 817 383	11 979 440	65

Status/utfordringar/kort om drifta:

Drifta innan område skule er i tråd med budsjett så langt. Det er lagt inn ein reduksjon i bemanning for inneverande år.

Det er auka kostnader til læremiddel i samband med nye/reviderte læreplanar. Overgang til meir digitale ressursar har ein meirkostnad i og med at det er høg mva på dette (ingen mva på trykte læremiddel).

Inntekt/refusjon vert litt høgare enn budsjettert grunna flytting i løpet av sommaren (ein ekstra gjesteelev).

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. aug	Heilår	Heilår
7 807 992	11 979 440	11 979 440

Slik resultatet ser ut i dag er det ikkje venta at ein treng å justera prognoser for 2021.

Sjukefråvær:

Fråværsprosent 2.kvartal = 2,7 %

Fråværsprosent 01.01.21-30.09.21 = 3,9 %

Ansvarsområde Skule har hatt relativt lågt sjukefråvær siste året. Langtidsfråvær er redusert, medan korttidsfråvær er noko auka. Denne auken er i stor grad knytt til tiltak i samband med Korona der både tilsette og born skal ha låg terskel for å halda seg heime (fleire tilsette som er foreldre må dermed nytta eigenmelding for sjuke born). Skulen har ikkje spesielle tiltak knytt til sjukefråværoppfølging no.

Modalen barnehage

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
3 447 466	5 270 742	65

Status/utfordringar/kort om drifta:

Budsjettet er i balanse til no.

Endringar som påverkar drifta framover: Våren 2021 kom det melding frå Vaksdal kommune at dei startar opp barnehage på Bergo frå hausten 2021. Modalen kommune driftar ikkje lenger barnehageplassar for barn busett frå Vetlejord og opp Eksingedalen. Barn som er busett i dette området får tilbod om barnehageplass på Bergo. Barna som er busett frå Høvik og ned til Eidslandet får framleis nytte barnehageplass i Modalen kommune. Hausten 2021 gjeld dette 2 barn.

Ein konsekvens av eit lågare barnetal er reduksjon i tilsette. Komande barnehageår er to pedagogar i permisjon, utgjør 160 %. Desse vil det ikkje vere behov for å erstatte resten av dette barnehageåret.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
-----------	----------	----------

pr 31. aug	Heilår	Heilår
3 447 466	5 270 742	5 270 000

Vanskeleg å gje nøyaktige prognosar sidan budsjettåret og barnehageåret ikkje fylgjer kvarandre.

Budsjettet er i balanse.

Noko meirutgift på einskildee postar, men også meirinntekt på andre postar. Summerer ein saman meirutgifter og meirinntektene går budsjettet i balanse, til tross for endringar i drifting av plassar for Vaksdal kommune.

Synkende barnetal i hausten 2021 og det at ein ikkje treng ekstra styrkingsressurs, og at ein kan redusera i spesialpedagogikkressurs gjer at ein kan redusera tal årsverk i barnehagen. Talet på tilsette ein nyttar i drifta er redusert til 7,97 årsverk frå 16. august 2021.

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosenten: 20,4 %

Det er kun langtidsfråværet som er høgt. Har tre tilsette som er langtidssjukemeldte ventar på operasjon med lang rekovaliseringstid. Alle sjukemeldte vert fulgt opp. Ved anna sjukdomsfråvær vert bemanninga styrt etter barnetalet til kvar ei tid. Utgiftene til sjukevikar er høgt. Har fått tilsvarande meir refusjon.

Pleie- og omsorg

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
14 490 896	19 513 156	74

Status/utfordringar/kort om drifta:

Drifta har fått ein auke i talet på brukarar i tenesta, både på institusjon og heimeteneste. Dette medfører behov for auke i personale på helger/høgtid for å kunne dekke tenestetilboda forsvarleg. Dette gjev auke i lønskostnader.

Drifta manglar sjukepleiarar i 3 stillingar, som gjer at tenesta har måtta nytta sjukepleievikarar frå rammeavtale. I tillegg har drifta måtta nytta sjukepleievikarar frå privat byrå, då byråa me har rammeavtale med ikkje klarer levere sjukepleiarar. Dette er ei aukande utfordring for tenesta, som gjer at me for hausten og ut 2021 må dekke drifta med innleigde sjukepleiarar og frå privat byrå. Det gjev store kostnader i drift som ikkje er lagt inn i budsjettet, då me hadde von om å få tilsett egne sjukepleiarar i stillingane. I tillegg har me som kommune måtte betale karantenetid på vikarane frå

byråa.

Ledige sjukepleiestillingar er no tilsett, inkl 1 ass. Pleie- og omsorgsleiar. Desse kjem inn i budsjett for 2022.

Auke i pris i høve forbruksvarer i høve pandemien, gjev auke i utgifter. I tillegg pålagt frå HelseDirektoratet å ha utstyr i høve smittevernlager for 8 mnd forbruk, som aukar utgiftene.

Ved auke i tal brukarar i institusjon med samansette diagnosar, fører det til auke i utgifter til medisinerer som ein ser vil påverke budsjettet. I tillegg ser ein auke i medisinsk forbruksmateriell ut frå brukarar med endra behov for ulikt materiell.

Frå oktober vil ein kunne tilby 1. stk leigeplass til kommunar, der ein får auke i inntekt. Elles er budsjett i rute når det gjeld inntekter pr. dags dato.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. aug	Heilår	Heilår
14 490 896	19 513 156	20 313 156

Det har vore ein auke i lønsutgifter til sjukepleiarar/helsefagarbeidarar frå vikarbyrå som er i rammeavtale, samt store lønsutgifter til vikarar frå privat byrå for å kunne ha ei forsvarleg drift. Behov for 2 vikarar frå privat byrå hittil, men tek høgde for reduksjon til 1 frå oktober og ut året.

I samband med tilsetjing av ass.pleie- og omsorgsleiar frå oktober, vil tilsett kunne dekke deler av ledige sjukepleiestillingar.

Ikkje fått tilsett vikar i foreldrepermisjon, så har behov for vikar i denne stillinga.

Har vakante stillingar som må dekkast ut frå at personale har sagt opp stilling. Stillingane vert lyst ut.

Me har tilsett sjukepleiar på natt i ny turnus frå 29.11.21, som gjer til at det vert redusert kostnad for utgifter ved heimevakter resten av året og i 2022.

Auke i tal brukarar på institusjon som gjev auke i kostnad ved innleige av ekstra personale på helg/høgtid, meir krevjande brukarar med samansette diagnosar.

Auke i kostnad til forbruksvarer i høve pandemi og smittevernlager som er pålagt frå HelseDirektoratet for 8 mnd forbruk.

Auke i kostnad til medisin då brukarar med samansette diagnosar aukar i tenesta.

Auke i kostnad til medisinske forbruksvarer, då det er endra behov for brukarar.

Det er venta totalt kr 800 000 i meirutgift i høve til gjeldande budsjett.

Tenesta har fokus på redusert inntak av personale ved frávær/ferieavvikling, samt søn- og høgtids dagar, men må ha ei forsvarleg drift.

Utleige av 1 plass til Alver kommune frå 01.10.21 – 31.03.22 er avtalt.

Sjukefrávær:

Sjukefráværspersent 2. kvartal: 10,2 %.

Sjukefráværspersent 1. halvår: 12,3 %

Største persenten er langtidsfrávær, der det m.a. er ein 100 % stilling ute i sjukefrávær. Fráværet vert fulgt opp via IA avtalen. Har månadlege møter med HTV og verneombod i høve oppfølging og tiltak.

Kommunelege

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap pr 31. aug	Budsjett Heilår	Forbruk i %
4 178 851	6 517 919	64

Status/utfordringar/kort om drifta:

Drifta har vore prega av covid og legevikarbruk i 2021.

Meirforbruk legesekretær med auke i stilling på 40 % og innkjøp av legetenester ved 50 % vikarstilling heile året. Innkjøp av helsesjukepleiar i 30 % stilling er eit mindreforbruk samanlikna med den 50 % stillinga som ligg i budsjettet.

Legestillinga er frå 1.august på 120 % med 60 % kommuneoverlegestilling og 60 % kommunelegestilling. Kommuneoverlege starta 1.august medan kommunelege byrjar 8.november.

Prognose:

Rekneskap pr 31. aug	Budsjett Heilår	Prognose Heilår
4 178 851	6 517 919	6 517 919

Sjuefråvær:

Sjuefråværsprosent 1. halvår 9,2 %

Teknisk etat

Rekneskapsstatus pr 31.august:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 31. aug	Heilår	i %
10 650 215	15 299 425	70 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Teknisk har 70 % forbruk dei 8 fyrste månadene av 2021.

Drifta ligg høgt på utgiftssida. Noko av dette skuldast auka utgifter på nyttilsett, innkjøp av ikt-utstyr, driftsutgifter på kommunale bilar, bygg og leasing truck til vaktmeistrane. Andre utgiftsposter er i tråd med budsjett.

Inntekter ligg på forbruk 61 % . Inntekt på kommunale årsgebyr , auka utleigeinntekt på kommunale bustader og ny brannstasjon gir auka leigeinntekt. Dei fleste kommunale bustadene er utleigd. På inntektssida er det akseptabelt opp mot budsjett, men litt mindre inntekter enn venta.

Drifta på reinhald ligg høgt på utgiftssida. Det er auka utgift knytt til koronautbrotet. Det er auka innkjøp av reinhaldsutstyr, golvvaskemaskin og forbruksmateriell. Reinhaldsmengda har auka under pandemien som igjen har auka behov for å leige inn ekstrahjelp.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 31. aug	Heilår	Heilår
10 471 582	15 299 425	15 299 425

Teknisk har høgt forbruk i høve til budsjett fram til no, og det kan sjå ut som det kan verte avvik mellom rekneskap og heilårsbudsjett når året er slutt. Fokuset vert retta mot at meirforbruk på einskilde postar må dekkast av reduserte utgifter på andre poster.

Sjkefråvær:

Sykefraværet på teknisk etat fra periode: 01.01.2021 - 30.09.2021 ligg på 2,1 %.

Sykefraværet på teknisk etat fra periode: 01.07.2021 - 30.09.2021 ligg på 4,8 %. Noko økning ser vi i denne perioden, men endå eit lågt nivå. Det er fokus på forbygging og oppfølging av sjukemeldte.

Sentrale postar:

Skatt og rammetilskot

Det er venta auka inntekt frå skatt og rammetilskot på kr 400 000 i høve til budsjett. Dette er basert på siste prognose i høve til talgrunnlag frå statsbudsjettet, på bakgrunn av innlegging i KS sin prognosemodell.

Årsbudsjett skatt/rammetilskot samla kr 51,0 mill.

Prognose kr 51,4 mill.

Avdrag

Avdrag 2021 er venta å bli kr 1,6 millionar. Det er budsjettert kr 1,28 millionar. Meirutgift vert kr 0,32 millionar.

Småinvesteringar

	Buds(end) 2021	Status/kommentar:
VA-plan (småinv)	500 000	Under arbeid .
Utstyr til Modalstunet	100 000	Pågår.
e-Tavle barnehagen	50 000	Innkjøpt.
Utstyr til reinhald	50 000	Innkjøpt
Sum småinvesteringar	790 000	

Investeringar

	Regnskap	Justert budsj	Opprinneleg budsj	
	2021	2021		Status
Nærings- og tenestesenter	30 462 557	38 590 000	38 590 000	Under arbeid
IKT-investering Mo skule	505 462	510 000	510 000	Ferdig
Oppgradering komm. bygg	308 866	300 000	300 000	Ferdig
VA-tiltak av investeringsmessig karakter	0	0	400 000	
Uføresette investeringar	0	0	200 000	
Ny bil til Modalstunet og barnehagen	799 219	0	0	Løyving i 2020. Må justerast i 2021.
Leikeapparat barnehagen	118 426	140 000	140 000	Ferdig
VA-anlegg. Sprinkling Mo	3 811 986	4 248 000	0	Under arbeid
Dagsturhytta	878 081	500 000	500 000	Under arbeid
Ventilasjonsanlegg Modalstunet	0	100 000	500 000	
Oppgradering leikeplass Øvre Helland	46 875	950 000	950 000	Under arbeid
Oppgradering uteområde Mo skule	0	500 000	500 000	Under arbeid
Rassikring ved Bryggjeslottet	346 818	2 910 000		Under arbeid
TOTALT	37 278 290	48 748 000	42 590 000	

Justeringar av investeringsbudsjett

Dagsturhytta

Dagsturhytta er kun budsjettert med nettoutgift knytt til kommunen sin andel med kr 500 000 med frådrag for budsjettert mva-kompensasjon kr 100 000.

Det er behov for justering for å synleggjere brutto utgift og inntekt kvar for seg, slik det er krav til.

Utgift må justerast opp med kr 1,45 millionar frå kr 0,5 millionar til totalt kr 1,95 millionar i tråd med samla berekna utgift.

Inntekt frå spelemidlar og andre tilskot budsjetterast med kr 1,13 millionar. Dette er summen av spelemiddeltilskot og tilskot frå fylkeskommunen og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Mva-komp justerast opp med kr 0,29 millionar til kr 0,39 millionar.

Gjenstående nettoutgift for kommunen vert då kr 430 000, mot kr 400 000 i opprinneleg budsjett for

2021. Auken finansierast med bruk av fond.

Bil til Modalstunet

Ny bil vart budsjettert i fjor, men av ymse grunnar vart gjennomføring av kjøpet forskyvet til 2021. Dette er ikkje innarbeidd i budsjettet. Det er difor behov for budsjettjustering av 2021-budsjettet med auka løyving kr 800 000 finansiert ved bruk av fond.

Finans

Oversyn som syner plasseringar og vilkår når det gjeld likviditeten til kommunen som er plassert i bankkonti og pengemarknadsfond:

Likviditet:				
Bankinnskot:	Rente 31.8	Balansesko:	31.08.2021	30.04.2021
Skagerrak sparebank	0,35 %	21020017	488 507	1 988 507
DnB	0,10 %	21020011	6 521	6 521
Sp Vest (fleire konti)	0,42 %	21020001-0009	7 044 605	5 383 132
Kasse		21000001	24 471	25 296
Skattetrekkskonto	0,42 %	21090801	2 313 705	2 296 519
Legatkonto		21020006	253 865	253 865
Sum kasse, bankinnskot			10 131 674	9 953 840
Pengemarknadsfond:	Årsavkastning:			
Pluss kort likviditet	0,72 % p.a.		14 289 570	6789750
KLP Pengemarked			3 000 000	
		Totalt	24 421 244	16 743 590

Kommentar:

Driftskontoen til kommunen er i Sparebanken Vest. Reglementet avgrensar kor mykje ein kan ha innestående i ein bank til kr 15 millionar.

Me ventar framleis lågt, men noko stigande rentenivå framover.

Oversyn over lånegjelda til kommunen, samt rentevilkår:

<u>Gjeld:</u>		Siste rente	31.08.2021	Saldo 30.04.2021
Kommunalbanken 20200345			17 151 430	17 151 430
Flytande lånerente		1,33 %	1,02 %	0,90 %
Kommunalbanken 20060606			13 719 200	13 719 200
Flytande lånerente		1,30 %	0,90 %	1,05 %
Kommunalbanken 20050816			335 640	347 210
Flytande lånerente		1,30 %	0,90 %	1,05 %
KLP 83175843046			32 553 800	
Flytande lånerente		0,98 %	0,67 %	
Husbanken - formidlingslån			10 109 929	10 202 497
Lånerente siste endring		0,75 %	0,83 %	0,80 %
Husbanken - oppføringslån				
Lånerente siste endring				
Sum lånegjeld inkl formidlingslån			73 869 999	41 420 337
3 M Nibor:		0,73 %	0,42 %	0,30 %

Det er teke opp formidlingslån til vidare utlån i 2021 med kr 1 500 000.

Det er teke opp investeringslån på kr 32 788 000 i KLP i 2021.

Vekta gj.snittleg løpetid for Modalen kommune sine lån, utanom formidlingslån, er 30,29 år.

Sjukefråvær

Me viser til kommentarar knytt til sjukefråvær under avsnitta til dei einstilte avdelingane.

Samla sjukefråvær pr utgangen av 3. Kvartal er 7,9 %. Dette er framleis på eit lågt nivå. Pr utgangen av 1. Kvartal var talet 7,2 %. Noko høgare no altså, men framleis på eit nivå me kan vere nøgd med. Rådmannen si oppfatning er at det vert jobba godt med oppfølging av sjukmeldte, samt førebygging.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at rapporten vert teken til orientering. Det vert tilrådd justeringar i drift og investeringar i tråd med tabellane under:

Drift:

(Tal i heile tusen)			
Budsjettområda:	Endring:	Justert budsj	Nytt budsj
Rådmannen/sentraladm	-1 000	14 075	13 075
Sos/BV	+300	1 517	1 817
Ploms	+800	19 513	20 313
Skatt/rammetilskot	-420	-51 000	-51 420
Avdrag	+320	1 280	1 600
Netto endringar:	0		

Investering:

Justering løyving til dagsturhytta

	Endring:	Budsjett	Nytt budsjett
Auka utgiftsløyving Dagsturhytta	1 450 000	500 000	1 950 000
Auka inntekt Dagsturhytta	-1 130 000	0	-1 130 000
Auka mva-komp frå Dagsturhytta	-290 000	-100 000	-390 000
Auka fondsbruk Dagsturhytta	-30 000	0	-30 000
Netto	0		

Justering løyving til Bil Modalstunet

	Justering	Budsjett	Nytt budsjett
Bil til Modalstunet	800 000	0	800 000
Fondsbruk	-800 000	0	-800 000
Netto	0		

